Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Jondal

Emne: Musikkinstrument | Bygdelag: Herand

Oppskr. av: Asbjørn Samland | Gard: Samland

(adresse): Herand | G.nr. 5 | Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Tysk fele.

Vart fyrst brúka omkring 1890 aara. Det var lærarar som tok til aa brúka henne i folkeskúlen. Ellers hev Tysk fele vore lite brúkt.

2). Hardingfele.

Hev vore lite brúkt i heradet. Ein og annan inngiften kúnde arbeida seg ei fele som dei spela litt paa, men ikkje nako som er nemnande.

3) Nykkelharpe.

Hev ikkje vore brúka.

4) Vanleg harpe.

Ho vart kalla „Horpa„, men eg hev ikkje høyrt, at ho hev vore brúka her.

1324

5) **Langeleik.**
Er ikkje kjend i heradet.

6) **Hummle.**
Er heller ikkje kjend.

7) **Salmodikon.**
Vart kalla „Koralspel" og
vart mykje nytta fraa 1870
aara til 1900 aara.
Instrumentet er paa skap
som ein lang smal kasse
92,5 cm lang 8,5 cm breid og 4,5 cm
hög. og var lima saman av 3 mm
tjukke furulister. Instrumentet
hev berre ein streng (tarmstreng)
Elles er der stol tangentbrett
med masingindeling for kvar
tone og stilleskruve.
Naar ein skulde spela paa
det, motte det staa paa eit
bord og bruka boge til aa
struka med. Paa laaket set-
te ein tal for kvar tone og
so hadde ein bøker med
tal for kvart ord i melodi-
en som ein spela etter.
Den fyrste som bruka
Salmodikon i Herand var
Lærar Johannes Malm fødd
1837. Den var av heil ved.

Teikning av Salmodikon.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
1324

8) **Roper.**
Hev ikkje vore brukt.

9) **Lur.**
Gjetarlur skal ha vore brukt paa stølane i gamal tid, men det er ikkje raad aa faa noko tidfeste, eller korleis han var laga. Truleg hev det vore i 1700 aara.

10) **Prillarhorn.**
Hev ikkje vore brukt.

11) Vanleg fløyte.
Ikkje noko slags fløyter hev vore brukt det ein veit um no.

13) **Lokkepipe.**
Er heilt ukjend

14) **Munharpe.**
Var bruka umkring 1880 aara. men det er ingen som hugsar korleis ho rettelig saag ut.

16) **Trumme.**
Hev vore lite brukt. Eg kjenner berre til ein i heradet, det er Gjert G. Bakke, fødd i 1797. Han skal ha vore militær tambur.

## Byinstrument.

Hev ikkje vore brukt noko større av. Ein og annan kann ha kjøpt seg eit trekkspel, men ingen har kunna spela noko større paa desse.

## Larminstrument.

Av desse er det einaste skrella som hev vore brukt paa stølane til aa skrama vekk framande hestar.

Skrella var ein liten sylindar med rifler paa og i den var eit skaft som vart sett i ei raama so den kunde svinga rundt. Fraa raama var ei tunn spil som tok paa riflene paa sylindaren. Naar ein svinga henne rundt vart det skarp skrelleljod.

## Teikning til skrella.




1324
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING